

Invitasjon til nabomøte om industriutvikling og kraft

Årdal Energi og Hydro inviterar heile bygda til nabomøte i Årdal kulturhus 17. september kl. 18:00.

– Årdal Energi og Hydro ønskjer å informere om industriplanar og diskutere moglegheiter for utvikling av fornybar energi i vår region, seier Jan Stian Smedegård, dagleg leiar i Årdal Energi Holding.

– Dette blir mitt første nabomøte som fabrikkssjef, og eg gler meg til å møte årdølene, høyre kva folk er opptekne av og korleis me kan få til dialog som bidreg med løysingar til det beste for lokalsamfunnet vårt. Hydro har dei siste åra investert store summar for framtidens aluminiumsproduksjon i Noreg og i Årdal. No ser vi at å ha nok kraft til konkurransedyktige prisar kan bli ei utfordring om få år. Me må bruke energien vår på ein meir effektiv måte, vi skal oppgradere vannkrafta, men me må også utvikle meir fornybar energi for å sikre industrien i Årdal. Arbeidet med eventuelt nye prosjekt skal skje i tett dialog med lokalmiljøa gjennom gode prosessar og lokal medverknad. Derfor inviterer vi no til ope nabomøte, seier fabrikkssjef Anveig Halkjelsvik i Hydro Årdal.

Årdal kommune har lange tradisjonar og ei stolt industrihistorie å sjå tilbake på. I 2022 feira Hydro at det var 75 år sidan Årdal metallverk såg dagens lys. Difor vert møtet kalla «Årdal dei neste 75 år – kraft, industri og næring i samspel».

Jan Stian Smedegård i Årdal Energi Holding er sikker på at eit slikt nabomøte vil vera av interesse for folk i alle aldrar og samfunnsgrupper.

– Når me no skal utforske moglegheiter innan fornybar energi i Årdal og i regionen, så er det viktig at me byrjar i rett ende og involverer lokalbefolkninga så tidleg som mogleg. Her håpar eg at innbyggjarane vil kome med innspel, stilla spørsmål og møte representantar frå selskapa.

Det skal vera låg terskel for å møte opp i kulturhuset denne dagen.

– Det blir korte, men spennande presentasjonar - og så har me lagt opp til mest mogleg tid til mingling for at du kan bli betre kjend med oss og kome med innspel til arbeidet. Me håpar alle vil engasjere seg i dette som er ein viktig del av framtida til bygda, seier Smedegård.

Under møtet vert det enkel servering. Tidlegare same ettermiddag vil Statnett leggje fram konseptvalgutgreiing for Indre Sogn på eit ope møte.

Har du innspel eller spørsmål til oss? Då høyrer me gjerne frå deg. Du kan sende på e-post til einar.fannemel@hydro.com.

Kontaktinformasjon for media og presse:

Jan Stian Smedegård, dagleg leiar i Årdal Energi Holding

Telefon: +47 480 31 258

E-post: janstian@ardal-energi.no

Are Indrelid, Årdal metallverk

Telefon: +47 901 49 845

E-post: are.indrelid@hydro.com